



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4646 - 14/13795

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
06.06.2014

## Gbnr184/1 og 201/1 søknad om deling.

Eigedom: gnr.184/1 Halsteindal og gnr.291 bnr.1 Sætre  
Adresse for eigd.: Hjelmås  
Type tiltak: Søknad om deling/ spørsmål om eigdommen er ei driftseining  
Heimelshavar/søker: Therese Kjenes Moen

### Saka gjeld:

Søkar overtok desse to eigedommane ved skifte etter foreldra i desember 2013. Ho har no seld gnr.184 bnr.1. I samband med overdraginga har det vorte stilt spørsmål ved om desse to einingane er å sjå som ei driftseining, og at det såleis er naudsynt å søkje om deling. Det er denne søknaden om deling som ligg føre her.

Før løyve til deling eventuelt kan verte gjeve, må departementet v/fylkesmannen vurdere om desse to eigedommane er å sjå som ei driftseining.

Saka vert no førebudd og deretter sendt til fylkesmannen for vurdering. Dersom utfallet av vurderinga vert at desse eigedommane er å sjå som to sjølvstendige driftseiningar, er løyve til deling ikkje naudsynt.

### Vurdering av spørsmålet om desse to einingane er å sjå som ei driftseining Jordlova §12 sjette ledd.

#### Om eigedommane:

Gnr.184 bnr.1 Halsteindal har 12 da fulldyrka jord, 3.1da overflatedyrka jord og 19,9da innmarksbeite. Skog av sær høg bonitet er 236,8da. Samla areal er 285,1da.

Bruket har bustadhus og løe av eldre standard.

Gnr.201 bnr.1 har 9,3da fulldyrka jord, 2,4da overflatedyrka jord og 26,5da innmarksbeite. Skog av sær høg bonitet er 166,2da. Samla areal er 210,4da.

Bruket har driftsbygning og bustadhus i bra stand.

Tidlegare eigar kjøpte gnr.184 bnr.1 i 2011. Meininga var å nytte dei to eigedommane samla, drive skogen og nytte innmarka til beite. Avstanden mellom tuna er om lag ein kilometer, men avstanden mellom yttergrense for eigedommane er kortare. Det ligg ein eigedom i mellom. Dette er gnr.201 bnr.2. Over denne eigdommen går det sti (tidlegare veg), som med litt utbetring truleg og kunne vore nytta av 201/1 til å drive dyr på beite på 184/1. Ein veit ikkje om bnr.201/1 har bruksrett til denne stien.

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



Dersom denne stien ikkje kan nyttast, er det naudsynt å følgje Kleivdalsvegen. Då vert avstanden mellom dei to eigedommane fleire km.

Tidlegare eigar døydde sommaren 2013, utan at planane for å nytte desse eigedommane saman, var nemnade realisert. Noverande eigar (søker) fekk eigedommen etter skifte og overtok om lag november 2013. Ho har ikkje interesse av begge eigedommane. Ho er busett på Osterøy. Ho vil drive 201/1 og særleg nytte skogen.

**Kommunen sin vurdering:**

184/1 vart kjøpt som tilleggsjord, men har knapt vore realisert som dette. Dei to eigedommane 184/1 og 201/1 har om lag same ressursgrunnlag og kan slik sett vurderast som to like gode sjølvstendige einingar, noko dei og var fram til 2011.

Noverande eigar har ikkje interesse av begge eigedommane og har i god tru selt 184/1 til ny eigar.

Ved å oppretthalde desse eigedommane som sjølvstendige drifteiningar legg ein til rette for ein tenleg bruksstruktur. Dette er ein bruksstruktur som er slik den alltid har vore på staden.

Avstanden mellom dei to einingane er slik at det krev noko tilrettelegging å drive eigedommane samla. Arealressursane får truleg ikkje eit dårlegare vern om bruka vert å sjå som to einingar framleis.

Kommunen sin konklusjon er at desse eigedommane er to sjølvstendige einingar framleis.

Saka vert sendt til Fylkesmannen for avgjerd.

Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Therese Kjenes Moen

Votlo

5286

HAUS

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN